

# SETLAR OG MYNTAR

Årsrapport 2021



# Innhald

1. Innleiing .....	3
2. Noregs Bank si rolle i kontantforsyninga .....	3
3. Setlar og myntar i omløp.....	5
4. Kvaliteten på setlar i omløp .....	7
5. Falske setlar.....	8
6. Innskot og uttak av setlar og myntar i Noregs Bank.....	9
7. Destruksjon av setlar og myntar.....	10
8. Minnemyntar .....	11

*Framsdebiletet viser minnemynten for markeringa av 250-årsjubileet for Hans Nielsen Hauge, utgitt i 2021. Jubileumsmotivet er utarbeidd av Håkon Anton Fagerås.*

# 1. Innleiing

Rapporten beskriv utviklingstrekk for kontantar i omløp når det gjeld volum og kvalitet, og dessutan omfang av falske setlar. Vidare blir utviklinga i bankinnskot og bankuttak av setlar og myntar i Noregs Bank og destruksjon av setlar og myntar omtalt. Rapporten omtaler òg verksemda til Noregs Bank på kontantområdet i 2021, forhold som har med bankane sin del av kontantforsyninga å gjere, endringar i regelverk og internasjonalt arbeid.

## 2. Noregs Bank si rolle i kontantforsyninga

Publikumstilgangen på sentralbankpengar (kontantar) er eit sentralt kjenneteikn ved betalingssystemet. Noregs Bank skal forsyne det norske samfunnet med kontantar. Banken har ei primær forsyningsplikt. Det inneber å sørgje for at det blir produsert mange nok setlar og myntar til å dekkje samfunnets behov, og at kontantane som blir utferda, har god nok kvalitet. Noregs Bank skal òg halde ved lag tilfredsstillande løysingar for å løyse inn utgåtte setlar og myntar.

I tillegg har Noregs Bank ei sekundær forsyningsplikt. Det inneber at banken skal leggje til rette for at kontantar blir gjorde tilgjengelege i samfunnet.<sup>1</sup> Noregs Bank skal vareta forsyningsplikta på ein måte som fremjar ei effektiv samla kontantforsyning, og som samtidig bidreg til effektivitet i det samla betalingssystemet.

Som illustrert i figur 1 nedanfor har Noregs Bank ei grossistrolle i kontantforsyninga. Noregs Bank set setlar og myntar i sirkulasjon ved å forsyne bankane med kontantar frå fem regionale sentralbankdepot. Bankane har ei detaljistrolle og forsyner kundane sine. Sjølv om alle bankar som har konto i Noregs Bank, kan setje inn og ta ut kontantar direkte i Noregs Bank, er forsyninga i praksis organisert gjennom private kontantdepot. Privatdepota er etablerte gjennom ein avtale mellom Noregs Bank og depotforvaltaren, som forvaltar depotet på vegner av banken som eig behaldningane.

Etter gitte vilkår får banken rentekompensasjon frå Noregs Bank for behaldningar i privatdepot. Rentekompensasjonen inneber at bankane vil få den same renta anten pengane blir oppbevarte i eit privat depot, eller det blir gjort innskot i eit sentralbankdepot. Denne ordninga har i lang tid bidrege til å avgrense rentemotiverte innskot i sentralbankdepotet og til å effektivisere omfordelinga og mellomlagringa i regionane.


Setlar og myntar som blir leverte som innskot i Noregs Bank, må vere ektheitskontrollerte, kvalitetssorterte (resirkulerbare og ikkje-resirkulerbare) og pakka i samsvar med reglar som er gitt av Noregs Bank. Slitne og utgåtte (ikkje-resirkulerbare)

---

<sup>1</sup> Omgrepa *primær og sekundær forsyningsplikt* er ikkje brukte i sentralbanklova, men er utleide frå lovføresegnene i § 1-2 og §§ 3-4 til 3-6. (I den tidlegare sentralbanklova av 24. mai 1985 svarer dette til § 1 og §§ 13 til 15. Sjå mellom anna Innst. O. nr. 13 (1999–2000): Innstilling fra finanskomiteen om lov om betalingssystemer m.v., vedlegg 2.)

setlar og myntar blir destruerte, mens gode (resirkulerbare) setlar og myntar kan leverast ut igjen utan vidare behandling.

**Figur 1: Kretsløpet i forsyninga av setlar og myntar per 31.12.2021**



Kjelde: Noregs Bank

Noregs Bank har utkontraktert fleire oppgåver på kontantområdet. Setlar og myntar blir produserte av eksterne leverandørar. Fire sentralbankdepot er drifra av NOKAS Verdihåndtering AS, som òg utfører behandlingstenester for Noregs Bank knytte til desse depota. I 2021 blei det vedteke at destruksjonen ikkje lenger skulle utførast ved sentralbankdepota som NOKAS drifra. Noregs Bank drifra sjølv sentralbankdepotet i Oslo og behandlingstenestene knytte til dette.

Også bankane har i stor grad utkontraktert oppgåvene sine på kontantområdet. Bankkunder har i dag i stor grad tilgang til kontanttenester gjennom tenester som er leverte av andre, i hovudsak minibankar, kontanttenester i butikk (KiB)<sup>2</sup>, innskotsautomatar, resirkuleringsautomatar, nattsafar og cashback ved varekjøp. KiB blei etablert i 2020. Enkelte bankfilialar tilbyr framleis tenester over skranke.<sup>3</sup> Ein nærmare omtale av kontanttenestene til bankane er å finne i kapittel 9 og 12.


<sup>2</sup> Kontanttenester i butikk (KiB) er ei teneste frå BankAxept/Vipps. Kunder av bankar som er tilknytte tenesta, kan ta ut og setje inn kontantar i Norgesgruppen-butikkar over heile landet. Per i dag er det over 90 bankar som er med. Sjå: <https://www.vipps.no/produkter-og-tjenester/privat/kontanter/kontanttjenester-i-butikk/>

<sup>3</sup> I ei undersøking som Finanstilsynet gjorde i desember 2020, går det fram at 45 bankar har filialar med banktenester.

### 3. Setlar og myntar i omløp

Figur 2<sup>4</sup> viser utviklinga i verdien av kontantar i omløp i perioden 2002–2021. Verdien av kontantar i omløp gjekk ned i perioden 1999–2003, før han steig igjen i perioden 2003–2007. Deretter var verdien stabil i ein lang periode, før vi dei fem siste åra har sett ein nedgang. I 2021 var gjennomsnittsverdien på kontantar i omløp på 39,3 milliardar kroner, ein nedgang på 1,2 milliardar kroner (3 prosent) frå 2020. Verdien av kontantar i omløp i 2021 var nominelt på same nivå som i 1996.

**Figur 2:** Kontantar i omløp fordelt på setlar og myntar.  
Milliardar kroner. 2002–2021




Kjelde: Noregs Bank

Årsgjennomsnittet for verdien av setlar i omløp i 2021 utgjorde 35 milliardar kroner, ein nedgang på 1,2 milliardar kroner (3,3 prosent) frå 2020. Verdien av myntar i omløp viser ein nedgang frå 4,34 til 4,32 milliardar kroner (0,4 prosent) frå 2020 til 2021. Det er berre små endringar i valørsamansetjinga for myntar.

Figur 3<sup>5</sup> viser endringar i samansetjinga av dei ulike setelvalørane dei siste ti åra. I 2021 var det i gjennomsnitt 115,3 millionar setlar i omløp, ein nedgang på 1,4 millionar setlar (1,2 prosent) frå 2020. 500-kronesetelen har hatt ein auke dei to siste åra etter ein nedgang dei tre føregåande åra og auka med 8,6 prosent i 2021. 200-kronesetelen har etter eit par år med auke gått ned med 4,6 prosent. Valørsamansetjinga blir mellom anna påverka av kva valørar som blir nytta i minibankane. Det har vore ein nedgang i antal 1000-kronesetlar på 24,7 prosent. Sannsynlegvis har det samanheng med utgivinga av ny utgåve, der mange utgåtte setlar er blitt veksla inn. Det er dessutan få minibankar som har denne valøren. 100- og 50-kronesetlar i sirkulasjon har hatt ein nedgang i 2021 på høvesvis 2,4 og 0,3 prosent.


<sup>4</sup> Figuren viser årsgjennomsnittet berekna ut frå data for den siste dagen i kvar måned.

<sup>5</sup> Også her viser figuren årsgjennomsnittet berekna ut frå data for den siste dagen i kvar måned.

**Figur 3:** Samansetjinga av setelomløpet. Millionar stykk. 2012–2021

Kjelde: Noregs Bank

Det er typiske sesongsvingingar i kontantomløpet gjennom året med ein topp i samband med jula, sjå figur 4. Elles er det mindre toppar i omløpet ved påsketider og om sommaren. I 2021 har sesongsvingingane vore lågare enn tidlegare. I første halvår av 2020 såg vi ei uvanleg utvikling i form av ein auke av omløpet frå koronautbrotet i mars med ein topp i året på 42,5 milliardar i august. Omløpet har deretter hatt ein meir normal sesongvariasjon, rett nok med ein noko lågare topp i desember.


**Figur 4:** Utviklinga i omløpet gjennom året. Milliardar kroner. Januar–desember

Kjelde: Noregs Bank

Kontantandelen av verdien av betalingsmiddel som er disponerte av publikum (M1), held fram med å falle, jf. figur 5. I 2015 la SSB om pengemengdstatistikken, og behaldningar frå periodar før april 2015 kan ikkje samanliknast med nyare periodar. Pengemengdstatistikken følgjer no ECB-definisjonen av pengemengda. I 2021 utgjorde kontantandelen av M1 1,5 prosent. Det er svært lågt samanlikna med dei fleste andre land.

Målt i forhold til BNP Fastlands-Noreg og privat konsum har kontantar i omløp vist ein jamn nedgang dei siste 15 åra. I 2021 er omløp målt i forhold til BNP Fastlands-Noreg og i forhold til privat konsum høvesvis 1,2 og 2,6 prosent. Dette er noko lågare enn i 2020.

**Figur 5:** Kontantar i omløp, målt i forhold til M1, BNP og privat konsum. Prosent. 2012–2021



Kjelde: Noregs Bank, SSB

## 4. Kvaliteten på setlar i omløp

For at setlar skal fungere effektivt som betalingsmiddel, må kvaliteten på setlar i omløp vere god nok. Er setlane for slitne, vil publikum ha vanskar med å kjenne igjen sikkerheitselementa, og det vil vere vanskeleg å handtere setlane maskinelt.

Noregs Bank definerer krav til kvalitet gjennom regelverket for bankinnskot og -uttak i sentralbanken. Bankane kontrollerer at setlane er ekte, og sorterer setlar som gode eller slitne i samsvar med dette regelverket. Slitne setlar skal leverast til Noregs Bank for destruksjon.


Noregs Bank kan òg gjere endringar i setlane for å gjere dei meir robuste for slitasje i omløp. Slike endringar kan ikkje gjerast hyppig, og dette er derfor eit langsiktig verkemiddel. Noregs Bank kartlegg utviklinga i kvaliteten på setlar i omløp, og to gonger i året blir eit utval frå fem regionar henta inn og analysert. I tillegg hentar ein inn månadleg statistikk over setlar som er kvalitetssorterte av teljesentralar på vegner av bankane. Samla gir dette eit godt grunnlag for å vurdere korleis kvaliteten utviklar seg, og om det er behov for justeringar.

Noregs Bank har gjort slike undersøkingar sidan 2009. I 2021 blei det installert eit nytt system som gir betre analysar av kvaliteten i sirkulasjon. Utsiftinga av setleserien

inneber at setlane som no sirkulerer, er relativt nye, og gjennomsnittskvaliteten er derfor god. Det er forventa at kvaliteten vil gå noko ned etter kvart.

Figur 6 viser kor stor prosentdel av setlane i omløp som blir kvalitetssorterte ved teljesentralar kvar månad. Som det går fram av figuren, er det forskjellar mellom valørane, men ein generell trend er at dei kjem sjeldnare inn til teljesentralane. Endringar i bruksmønster, sirkulasjonsmønster og infrastruktur kan påverke sorteringshyppigheita. Dei siste åra har utskiftinga av den gamle setleserien påverka tala.

**Figur 6:** Del av omløpet som er kvalitetssortert/behandla av teljesentralar. Prosent. Januar 2012–desember 2021



Kjelde: Noregs Bank

Figuren viser ein kraftig nedgang i inngang til teljesentralane i mars 2020, noko som samsvarer med nedstenginga på grunn av koronapandemien. Inngangen av 200- og 500-kronesetlar har teke seg opp igjen, mens 50- og 100-kronesetlane blir verande på eit lågare nivå enn før koronautbrotet. Den sterke auken i inngang av 1000-kronesetlar fram til årsskiftet 2021 kjem hovudsakleg av at utgåve VII blei gjort ugyldig 15. november 2020 og blei bytt ut med utgåve VIII.

På årsbasis blir 50-kronesetlane i gjennomsnitt kvalitetssorterte om lag 0,2 gonger per år, mens 100-kronesetlane blir behandla 0,4 gonger per år og 1000-kronesetlane 0,5 gonger. 200-kronesetlane og 500-kronesetlane blir sorterte høvesvis 1,2 gonger og 1,1 gong kvart år.


## 5. Falske setlar

Det blir registrert få falske setlar i Noreg samanlikna med dei fleste andre land. Med unntak av i 2017 er det registrert rundt 500–800 falske setlar per år dei siste åra. Dei fleste forfalskingane har vore av dårleg kvalitet og har dermed vore enkle å avdekkje ved å sjekke sikkerheitslementa som er berekna for publikum.



I 2021 registrerte Kripos 792 falske setlar, ein auke i forhold til tidlegare år. Det svarer til om lag sju falske setlar per million setlar i omløp. Trass i auken er talet lågare enn tilsvarande tal for eurolanda, som i 2021 var cirka tolv per million setlar.<sup>6</sup>

**Figur 7:** Beslaglagde falske norske setlar. 2017–2021



Kjelde: Kripos

## 6. Innskot og uttak av setlar og myntar i Noregs Bank

Noregs Bank tek ikkje del i forsyninga til publikum og resirkuleringa av kontantar i omløp. Dette er bankane sitt ansvar, og dei gjer innskot og uttak av setlar og myntar i Noregs Bank når dei har overskot av eller behov for meir kontantar, eller når dei har behov for å levere inn slitne/defekte eller tilbaketrekte setlar og myntar.

Sjølv om kvar enkelt bank kan utføre transaksjonar med Noregs Bank, er det i praksis dei private depota som NOKAS og Loomis driftar, som gjer innskot og uttak i Noregs Bank på vegner av bankane.<sup>7</sup> Til saman hadde bankane 29 prosent færre seteltransaksjonar med Noregs Bank i 2021 enn i 2020, mens snittbeløpet per transaksjon er gått ned med 5 prosent. Det var samla sett ein netto inngang av setlar i 2021, det vil seie ein nedgang i antal setlar i omløp, på 1,4 millionar stykk, jf. figur 8. Alle valørar hadde netto inngang gjennom 2021.


Ein noko høgare inngang og utgang av setlar i åra 2016, 2017 og 2018, illustrert i figur 8, er truleg knytt til utskiftinga av setelrekkja.

<sup>6</sup> Kjelde: ECB, pressemelding publisert 28. januar 2022.

<sup>7</sup> Les meir om private depot i kapittel 9.2.

**Figur 8:** Inngang og utgang setlar.


Millionar stykk. 2014–2021



Kjelde: Noregs Bank

**Figur 9:** Inngang og utgang myntar.

Millionar stykk. 2015–2021



NOREGS BANK

SETLAR OG MYNTAR  
ÅRSRAPPORT 2021

Det er 34 prosent færre mynttransaksjonar i 2021 enn i 2020. I 2021 har det samla sett vore ein netto inngang på 5,4 millionar myntar. Alle myntvalørar har netto inngang.

## 7. Destruksjon av setlar og myntar


Noregs Bank kontrollerer og destruerer setlar og myntar som er definerte som ikkje-resirkulerbare (IR) på grunn av for dårleg kvalitet eller fordi dei er trekte tilbake og er komne inn til Noregs Bank gjennom veksling eller som innleveringar frå bankane. All maskinell destruksjon av setlar blir overvaka av eit eige datasystem. Den manuelle seteldestruksjonen blir kontrollert av ei tilsynsgruppe med representantar frå ulike avdelingar i Noregs Bank.

I 2021 blei det destruert 9,4 millionar setlar som hadde vore i sirkulasjon, tilsvarande 5,2 milliardar kroner, jf. figur 10. Året før var det tilsvarande talet 27 millionar setlar, tilsvarande 16,4 milliardar kroner. I 2017 og 2019 blei det destruert svært mange setlar, høvesvis 45,1 og 46,4 millionar setlar, tilsvarande 9,4 og 18,3 milliardar kroner.


Årsaka til det høge antalet destruerte setlar i 2017 er destruksjon av utgåvene som blei trekte tilbake då ny 100- og 200-kronesetel blei sett i sirkulasjon våren 2017, jf. figur 11. Tilsvarande er årsaka til det høge antalet destruerte setlar i 2019 tilbaketrekkinga av gammal utgåve då ny 50- og 500-kronesetel blei sett i sirkulasjon i oktober 2018. Den gamle utgåva av 1000-kronesetelen blei ugyldig i november 2020, men det har ikkje påverka destruksjonstala på same måten. Det kjem i hovudsak av at det var færre 1000-kronesetlar i omløp enn andre valørar.

Om lag 8,4 millionar setlar, tilsvarande 89 prosent av seteldestruksjonen i 2021, blei utført maskinelt ved dei fem sentralbankdepota. Dei siste 11 prosentane blei destruerte manuelt eller maskinelt i Noregs Bank. NOKAS utførte om lag 9 prosent av den samla destruksjonen.

Frå november 2021 utfører ikkje NOKAS lenger seteldestruksjon for Noregs Bank ved sentralbankdepota.

**Figur 10:** Destruerte setlar totalt. Millionar stykk. 2012–2021

Kjelde: Noregs Bank

**Figur 11:** Destruerte setlar totalt per valør. Millionar stykk. 2012–2021

Kjelde: Noregs Bank

Det er ikkje blitt destruert myntar i 2021, men det er planlagt myntdestruksjon frå 2022 og utover.

## 8. Minnemyntar

I 2021 har Noregs Bank gitt ut ein minnemynt i form av ein 20-krone-sirkulasjonsmynt med spesialpreg for å markere at det i 2021 var 250 år sidan Hans Nielsen Hauge blei fødd. Fem kunstnarar blei inviterte til ein konkurranse om å utforme jubileumsmotivet. Juryen, som bestod av dei eksterne medlemmene av pregkomiteen i Noregs Bank, kåra

Håkon Anton Fagerås sitt forslag 15 000 km som vinnar av konkurransen. Motivet blei gjort om til ein pregeferdig modell og levert til Det Norske Myntverket i 2020.

NOREGS BANK

SETLAR OG MYNTAR  
ÅRSRAPPORT 2021



*Jubileumsmotivet av Hans Nielsen Hauge er utarbeidd av Håkon Anton Fagerås. Framsidemotivet er kongeportrettet av Harald V, utforma av Ingrid Austlid Rise, formgivar ved Det Norske Myntverket.*

Noregs Bank vedtok i 2021 å gi ut to minnemyntar frå lista over hendingar for åra 2020–2029: éin i 2023 for å markere Kartverkets 250-års jubileum og éin i 2024 for å markere 750-årsjubileumet for Magnus Lagabøtes landslov. Det blei samtidig vedteke at ein ikkje skal gi ut nokon minnemynt i 2022.